



Statens vegvesen

HLM Arkitektur AS
C.Sundts gate 1
5004 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
19/30764-2

Dykkar referanse:


Vår dato:
18.02.2019

Merknad – Nabovarsel – Nytt skolebygg og idrettshall, ny veg og parkering – Riving av hele bygg – gnr. 137 bnr. 23 – Alversund – Lindås Kommune

Statens vegvesen syner til nabovarsel mottatt 11.02.2019. Varselet gjeld nytt rammeløyve for oppføring av nytt skulebygg med idrettshall og tilhøyrande infrastruktur. Varselet gjeld og søknad om dispensasjon frå vedtatt reguleringsplan for Alversund skule og fleirbrukshall.

Vi vil først vise til at vi har ikkje mottatt endeleg godkjent reguleringsplan som er i samsvar med våre merknader og klagesak til planen.

Det vert søkt om dispensasjon frå opparbeiding av deler av fortau SF2. Restbreidde til å opparbeide fortau er om lag 0,75 meter mot regulert breidde på 2meter. Dette er i ei kurve med dårleg sikt rundt svingen.



Bilete vedlagt nabovarsel.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Statens vegvesen er kritisk til omsøkte dispensasjon frå plan. Dette med bakgrunn i trafikktryggleiken for mjuke trafikantar og omsynet til trygg skuleveg. Det er ikkje avklart kor lenge eksisterande skule skal bestå, og det er grunn til å tru at situasjonen vert den same langt fram i tid. Ut i frå våre erfaringar er det mest gunstig å opparbeide all infrastruktur samstundes.

Dersom Lindås kommune vurderer å gje løyve til dispensasjon for dette forholdet, ber om å få søknaden tilsendt på uttale saman med kommunen sin vurdering. Søknaden må vere godt opplyst med relevant informasjon om trafikk på vegen, både harde og mjuke trafikantar, antatt varigheit av dispensasjonen og framlegg til avbøtande tiltak.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ